

Meland kommune  
Havnevegen 43  
5918 Frekhaug

Dykkar ref.:

Vår ref.:ard11041

Bergen: 12.10.15

Side | 1

**OPPDATERERT INNSENDING AV FRAMLEGG TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR DANIELSEN SKULE. PLANID: 1256 2011 0005 ARKIVID ER 11/143.**

Etter felles møte den 3.06.15 er materialet gått gjennom og oppdatert.

Oversikt over vår uttale på innkomne fråsegn i tillegg til notatet frå møte 2.10.13 ligg ved i oppdatert merknadsskjema.

På neste side i dette brevet ligg våre kommentarar etter møtet den 3.06.15, og kva som er utført med planframlegget.

Vi vonar at planen no er klar for andre gongs handsaming med vedtak i kommunestyret.

I møtet den 3.06.15 vart det ytra ønske frå kommunen si side om eit innleveringsmøte av oppdatert materiell. Vi stillar gjerne på eit slikt møte saman med representant frå tiltakshavar.

Tiltakshavar er:

Nordhordland Indremisjon,  
Holtermandsvegen 2  
5918 FREKHAUG

Planområdet er på 30 daa

Vennleg helsing



.....  
Kari Johannesen

Adm. /samfunnsplanlegger  
Tlf: 958 32 614/55 31 95 00  
E-post: [kj@ardarealplan.no](mailto:kj@ardarealplan.no)

**Vedlegg:**

Oppdatert planskildring, plankart (med SOSI) og planføresegner. Planføresegner i begge filformat.  
Oppdatert merknadsskjema over fråsegn etter offentlig ettersyn etterfølgd av oversikt over endringar som er utført i planføresegner og plankart på det stadiet.  
Kommentar til møterefertat datert 11.06.15. - sjå neste side

**Kommentarar til møtereferat datert 11.06.15 etter gjennomgang av aktuelle dokumenter:**

1. Plangrensa er flytta langs Mjåtveitvegen for å få med tilstrekkeleg areal for utviding og evt. murar der det kan vere trong for.
2. Plangrensa omfattar no krysset mot Badevika i aust.
3. Planen er oppdatert for krysset til Løypetona bustadområde. No ligg det kollektivhaldeplass her.
4. Aktuelle område har fått føremålet anna veggrunn AVG - kode 2019.
5. Hovuddelen er no delt opp i BH - barnehage, FL - forsamlingslokale og U - undervisning.
  - I. Det er lagt inn oppheving av dagens eigedomsgrenser mellom desse delområda og lagt inn nye.
  - II. Nye eigedomsgrenser vert ei justeringar i høve til tilhøva i dag. Det er Nordhordland indremisjon som eig 23/1 der skulen skal stå. Frekhaug indremisjon eig 23/296 der skulen vert driven i dag. Hensikta med justeringa er å ha eit større areal å spela seg på når arkitekt skal i gang med si planlegging.
  - III. Det er ikkje regulert inn byggegrense mellom delområda.
6. Det er lagt inn vegetasjonsskjerm langs fortau til Holtermandsvegen.
7. Det er regulert inn fortau ved inngangen til KV06 då det meste av gangtrafikken kjem frå nord.
8. Kollektivhaldeplass ved skulen i Mjåtveitvegen er tatt ut etter avtale med kommunen då denne ikkje er aktuell. Fortau vert på same side for heile Mjåtveitvegen.
9. Det er sett av areal til renovasjonsanlegg ved krysset mellom f\_KV06 og o\_KV04. Her kan også noko av arealet nyttast til evt. trafokiosk? Kva type løysing som vert valt for renovasjonsanlegg må takast i byggesak. NGIR viser til sine retningslinjer, men vil ikkje uttale seg spesifikt for denne planen då det her er snakk om avfall frå næringsaktivitet.
10. Sykkelparkering skal plasserast på høveleg stad innanfor U05, og skal opparbeidast i tråd med utomhusplan. Planføresegner er oppdatert i 3.2 nr. 6.
11. Mønehøgde er retta til +32 meter.
12. Støy er vurdert til ikkje å vere eit problem, men for å vere sikker må det likevel gjerast støyvurdering i hht. Gjeldande støyforskrift. Jf. § 2.2 punkt 8.
13. § 3.2 er gjort enklare i samsvar med andre planar som er godkjent i Meland i den seinare tid.